

# SØKNAD OM TILSKUDD TIL VERDISKAPING BASERT PÅ NATURARVEN - 2024

Foretaksnavn NÆRØYFJORDEN VERDSARVPARK

## Kontaktperson

Navn: Bengt Erlend Skjerdal

## Økonomisk aktivitet og kryssfinansiering

Søker utøver økonomisk aktivitet? Nei

## Utfyller

Navn: Bengt Erlend Skjerdal

Mottaker: Miljødirektoratet

Kopimottaker: Statsforvalteren i Vestland

---

SØKNAD

REFERANSEN.R.: 24SF64C8

---

## Natur- og kulturhistorisk formidling -Sivlepark

I hvilket fylke skal tiltaket gjennomføres? Vestland

Kartelementer markert i kart (kart kan sees i søknaden på søknadssenteret)			
Type	Navn	Beskrivelse	Koordinater (nord/øst) UTM33
Polygon	Sivleparken/Flåm	Landskapsrommet rundt Sivleparken der tavlene skal stå. Tavlene skal formidle historia til Per Sivle som vart født like ved parken, samtidig som dei skal formidle både natur- og kulturarven knytt til dette området	6771625 / 72010 6771560 / 72669 6771013 / 73328 6769871 / 73551 6769295 / 73263 6769017 / 72140 6769490 / 71406 6770233 / 71889 6770651 / 72205 6771300 / 72158 6771625 / 72010
Punkt	Sivleparken	Plassering for tavlene	6770361 / 72450
Punkt	Stalheim/Sivle	Område det Per Sivle vokste opp. Her skal det settast opp ei tavle som fortel om Sivle og om området rundt.	6773809 / 48735

Anslå varighet for tiltaket: 01.02.2024 - 01.10.2024

Beskrivelse av tiltaket:

"Natur- og kulturhistorisk formidling ved Sivleparken" er eit samarbeidsprosjekt mellom Nærøyfjorden verdsarvpark og våre partnarar i "Vener av Flåmsdalen" (VaF). VaF ynskjer å vera ein pådrivar og medspelar for å finna gode løysingar for t.d. toalett, renovasjon, stiar og presentera kulturminne, skilting, informasjon osv. i Flåmsdalen. Saman ynskjer me at dalen skal framstå mest mogeleg innbydande for bygdefolk og turistar.

I 2019 vart det laga natur- og kulturtavler som m.a gir infomasjon om høgdegardane og kulturminnene som ein kan sjå frå Rallarvegen/Flåmsdalsvegen. Slike tiltak har stor verdi for dei besökande i Flåmsdalen. Spesielt er dei med på å auke forståing og interesse av natur- og kulturlandskapet for både bygdefolk og turistar som ferdast i Flåmsdalen.

Den siste tida har VaF jobba med å få opparbeida ein liten park ved/rundt minnesteinen etter den lokale diktaren/forfattaren Per Sivle (sjå vedlegg). Parken skal framstå som ein møteplass og eit informasjonspunkt med informasjonstavler for det som vert omtalt som gamle Flåm sentrum, Flåm kyrkje og områda rundt. Det skal også lagast ei eiga tavle på Stalheim dedikert til Per Sivle der han vaks opp. Medlemmane i VaF og Sivlelaget skal hente inn nødvendig informasjon og bilete til innhald og verdsarvparken koordinere utforming, bestilling og montering av tavlene. (sjå døme på tavle som vedlegg)

#### **Beskriv samarbeidspartnere:**

Vener av Flåmsdalen: interesseorganisasjon som vil vera pådrivar og medspelar for å finna gode løysingar for å ta vare på natur- og kulturinteressene i dalen.

Sivlelaget: interesseorganisasjon som formidlar historia og arven etter diktar/forfattar Per Sivle.

#### **Hvem er målgruppen og hvilken bruk ser man for seg?**

Tavlene skal formidle informasjon til bygdefolk og turistar som ferdast i Flåmsdalen. Det skal gi informasjon om ein del av høgdegardane og kulturminnene som ein kan sjå frå Rallarvegen.

#### **Hvordan bidrar tiltaket til bred verdiskaping med langsiktig positiv effekt på natur, lokalsamfunn og næringsutvikling?**

Her er det nødvendig med personar med god lokalkunnskap, både geografisk og historisk. Ein må også ha personar med grafisk kompetanse på korleis ein på best mogleg måte kan formidle innhaldet i tavlene.

#### **Hvem eier grunnen der tiltaket skal gjøres (dersom det er et fysisk tiltak):**

Tavlene skal setjast langs Rallarvegen/Flåmsdalsvegen som er kommunal grunn (Aurland kommune) og på Brekkevegen/Stalheim (Voss herad)

#### **Hvem skal eie og vedlikeholde tiltaket i etterkant/hvordan skal arbeidet videreføres:**

Vener av Flåmsdalen får ansvar for ettersyn og vedlikehald av desse tavlene

#### **Nærmore beskrivelse ihht. Naturmangfoldloven:**

Tiltaket her handlar meir om formidling av Narur- og kulturverdiar og ikkje bruken av dei.

Fysisk tiltak er begrensa til montering av skiltfundament ved to punkt. Begge punkta er tilknytt veg/parkering.

Tiltaket vil ikkje ha negativ påverknad på naturverdiane.

#### **Fremdriftsplan:**

Verdsarvparken sender søknad på tiltak (januar)

Vener av Flåmsdalen jobbar med innhald til kulturhistoriske tavler (januar-mars)

Verdsarvparken utfører grafisk design og bestilling av tavler (april)

Verdsarvparken og VaF monterar tavlene i lag. (vonaleg iløpet av mai-juni)

## Budsjett

Kostnader	Beløp
Skråstilt dobbel-glastavle for 80x60cm (Arkeoplan)	45 000
Skråstilt glastavle for 80x60cm (Arkeoplan)	30 000
Veggtavle A3 for gamle skulehuset Flåm (Foldal)	2 000
Grafisk arbeid printfiler (Verdsarvparken)	20 000
Montering av tavler + grunnarbeid (Verdsarvparken)	20 000
Søknad og rapportering (Verdsarvparken)	8 000
Innhaldsutvikling tavle - tekst og bilerter (Vener av Flåmsdalen)	26 000
<b>Sum kostnader</b>	<b>151 000</b>

Finansiering	Beløp
Samlet kostnad	151 000
- Egne midler	76 000
- Andre offentlige tilskudd	0
- Annen finansiering	0
<b>Omsøkt tilskudd</b>	<b>75 000</b>

### Beskriv hvordan krav om egenfinansiering løses?

Eigeninnsats frå prosjektleiar i Verdsarvparken og Vener av Flåmsdalen vil løyse 50% eigenfinansiering.

**Kan tiltaket/deler av tiltaket gjennomføres med mindre tilskudd enn omsøkt? Ja**

**På hvilken måte?**

Ved mindre tilskot enn omsøkt må/kan vi prioritere vekk ein av tavlene som er ønska å få produsert og satt opp.

**Minste tilskuddssum for gjennomføring:** 45 000

**Eventuelle merknader:**

*Ikke utfylt*

## Vedlegg

- 📎 Dobbel skråstilt glastavle på Stigen.jpg (Bilde)
- 📎 Enkel tavle. Bakka\_Rimstigen - kultur.jpg (Bilde)
- 📎 Sivleparken.2.jpg (Bilde)
- 📎 Sivleparken.jpg (Bilde)

 **Bengt Erlend Skjerdal for NÆRØYFJORDEN VERDSARVPARK**

---

Levert 10.01.2024